

## Frå leiaren

### GODE BONDELAGSMEDLEMMER!

Sidan sist årsmelding har me lagt bak oss eit underleg år i landbrukspolitikken. Verda merka underskot av særleg kveite grunna aukande etterspurnad, og prisane steig på alle matvarer. Norske bønder fekk òg ta del i denne ”luksusen” ved at norske matvareprisar ikkje lenger var høgast på verdsmarknaden. Det var bønder som snakka om å eksportera mjølk til Danmark og Tyskland, med større utbytte enn frå heimemarknaden. Det som slo mest ut for oss i hordafylket, var kostnadsauken på alle innsatsfaktorane. Desse er avhengige av prisane internasjonalt.

Forhandlingane med Staten gav oss rimeleg stor auke i målprisane. Men kostnadsauken spøkte framleis på bakrommet. Me fekk difor rett til justeringsforhandlingar med kompensasjon gjennom målprisauke. Forhandlingane byrja hausten -08. Ei stund håpa me på ekstra budsjettmidlar, men det gjekk ikkje. For den jamne vestlandsbonden ville dette truleg gjeve best resultat. No er justeringsforhandlingane over, utan at det er gitt full kostnadskompensasjon så langt.

Me gjekk til uravstemming i år. For mange var det viktig at kravet om kostnadsdekning kom klart fram. Kostnadane må dekkjast inn før me kan snakka om vederlag for arbeid og kapital. Enkel rekning etter mitt syn. Ja-fleirtalet til avtala frå Hordaland var ikkje overveldande stort. Etter mitt syn hadde me ikkje noko betre alternativ.

Me hadde WTO hengande over oss ei tid sist sumar. Det såg ut som ministrane kom til å gå for ei avtale som ville vorte därleg for landbruket i Noreg. Det var kjekt å vera i Oslo å demonstrera mot avtaleframleggget. Toget strekte seg gjennom store deler av bykjernen, og vi fekk heirop frå sidelina. Takk til alle som var med.

Dagens WTO-avtale er orsaka til at ei arbeidsgruppe er sett ned for å koma med endringsframlegg på målprisordningane for kjøt og mjølk. Eit bortfall av målprisane vil heilt sikkert gje utslag for Vestlandsbonden. Å la marknaden styra prisane er ikkje til det gode for produksjonane på dei små brukene våre. Me treng gode reguleringsmekanismar.

Ei svært positiv hending i 2008 er at Norges Bondelag sette fokus på mat og matproduksjon gjennom ”Landbruk på dagsordenen 2009”. Me har lånt ut Lars Peter som prosjektleiar. Både fylkeslaget og lokallaga blir involverte. Jobben er stor og viktig. Me har eit framifrå høve til å setje verdas viktigaste yrket på dagsordenen framføre komande stortingsval. Politikarane skal få det ”under huda” at bøndene må ha levelege vilkår, og at matjorda må haldast i produksjon. Tryggleiken for mattilgangen er viktig, også for oss i Norge. Eit positivt arbeid står framfor oss. Det blir hardt, men eg gler meg, og trur me får gode resultat. Vonar de følgjer på, alle som ein. Me treng dykk i kampen.

Til slutt vil eg takka for framifrå jobb i året som har gått. Lukke til med året som kjem!

## Styret i Hordaland Bondelag 2008

Verv	Namn og adresse	Tlf/ mobil/e-post
Leiar:	Marta Bjørgum Meland, 5773 Hovland	53 66 18 01 / 976 68 788 <a href="mailto:marta.meland@lofthus.no">marta.meland@lofthus.no</a>
Nestleiar:	Lars Istad, Kinnesvegen 60, 5700 Voss	56 51 76 21 / 412 06 142 <a href="mailto:la-istad@online.no">la-istad@online.no</a>
Styremedlem:	Olav Botnevik, Kuven, 5200 Os	56 30 09 76 / 924 60 307 <a href="mailto:obotnevi@online.no">obotnevi@online.no</a>
Styremedlem:	Jostein H. Hellestveit, Hellestveit, 5955 Lindås	56 36 20 63 / 928 68 729 <a href="mailto:joshelle@online.no">joshelle@online.no</a>
Styremedlem:	Clara A. Hveem, Generalsvingen, 5454 Sæbøvik	53 47 41 39 / 951 54 599 <a href="mailto:clara@hveem.no">clara@hveem.no</a>
Frå HBU:	Sondre Tesdal, Bordalen, Bordalen 5700 Voss	992 94 165 <a href="mailto:tessien86@hotmail.com">tessien86@hotmail.com</a>
Frå HBK:	Liv Spilde, Bjørgav. 110, 5700 Voss	56 51 79 45 / 975 33 364 <a href="mailto:livspis@online.no">livspis@online.no</a>
1. vara:	Solveig Lilletvedt, Kismulvegen 63, 5229 Kalandseidet	55 91 57 87 / 480 56 594 <a href="mailto:fanabond@online.no">fanabond@online.no</a>
2. vara:	Anne Bakke Handeland, Dynjo, 5550 Sveio	53 74 12 51 / 412 15 087 <a href="mailto:bhandela@online.no">bhandela@online.no</a>
3. vara:	Turid Bjørndal Njåstad, Låstad, 5282 Lonevåg	56 39 24 59 / 917 65 853 <a href="mailto:turnjast@start.no">turnjast@start.no</a>



Styret i Hordaland Bondelag på studietur i Latvia

## Kontoret til Hordaland Bondelag

### Kontoret:

Post- og besøksadresse :	Fanav. 245, 5244 Fana
Telefon:	55 91 88 80
Telefax:	55 91 88 89
Elektronisk post:	<a href="mailto:hordaland@bondelaget.no">hordaland@bondelaget.no</a>
Internett:	<a href="http://www.bondelaget.no/hordaland">www.bondelaget.no/hordaland</a>
	<a href="http://www.landbrukstunet.no">www.landbrukstunet.no</a>
Bankgiro:	9365.09.64320
Konst. organisasjonssjef: Geir Totland	55 91 88 83 (direkte innval) 55 10 30 35 (p)/ 996 42 600 (m) <a href="mailto:geir.totland@bondelaget.no">geir.totland@bondelaget.no</a>
Førstekonsulent: Tore Henrik Øye	55 91 88 85 (direkte innval) 55 19 16 23(p)/ 911 27 337 (m) <a href="mailto:tore.henrik.oye@bondelaget.no">tore.henrik.oye@bondelaget.no</a>
Førstekonsulent: Maria Makloufi Skjold	55 91 88 80 (direkte innval) 55 12 48 24 (p)/ 934 93 078 (m) <a href="mailto:maria.skjold@bondelaget.no">maria.skjold@bondelaget.no</a>

Geir Totland vart tilsett som fungerande organisasjonssjef frå 01.10.08 fram 01.11.09.  
Geir vikarerer for Lars Peter Taule, medan han er prosjektleiar for ”Landbruk på  
Dagsorden 2009”. Tore Henrik Øye vikarerer som førstekonsulent for Geir i perioden.

Ellen Siren Bruarøy vikarierte i stillinga til Maria Makloufi Skjold, medan ho var i  
svangerskapspermisjon. Maria var tilbake i mai 2008.



*Ida Marie Ruud frå Norges Bondelag driv opplæring i publisering på nettet.*

## UTVAL OG REPRESENTASJONAR 2008-2009

### **Utval i Hordaland Bondelag:**

Arbeidsutval:	Leiar, nestleiar og organisasjonssjef.
Kvinneutval:	Solveig Lilletvedt, Clara Hveem.
Den grøne skulen/ Inn på tunet:	Solveig Lilletvedt, fylkeskontoret.
EU / Internasjonalt koordinator:	Jostein Hellestveit, fylkeskontoret.
Verveutval:	Inger- Marie Vika, Turid Njåstad, fylkeskontoret.

### **Hordaland Bondelag sine representantar i (oppnemnd av styret):**

Styret i HBK:	Olav Botnevik. Vara: Jostein Hellestveit.
Styret i HBU:	Anne Bakke Handeland. Vara: Lars Istad.
Styret i BSF Hordaland:	Olav Botnevik. Vara: Jostein Hellestveit.
Samarbeidsrådet:	Marta B. Meland. Vara: Lars Istad.
Kontaktutval – Gjensidige:	Lars Istad og Lars P. Taule.
Stiftinga Hord.Landbr.selskap:	Marta B Meland. Vara: Clara Hveem.
Etterutdanningsutval:	Marta B. Meland, Lars P. Taule. Vara: Olav Botnevik.
Innovasjon Norge, Hordaland:	Nils T. Bjørke.
Styringsgr. Utmarksbasert Reiseliv:	Marta B. Meland. Vara: Nils Neteland.
Styringsgruppe ”Småkraft”:	Marta B. Meland. Vara: Jostein Hellestveit.
Grøntutvalet i Norges Bondelag:	Marta B. Meland.
Referansegruppe KSL/Matmerk:	Olav Botnevik, Jostein Ljones, Anne B. Handeland.
Rovdyrutval:	Lars Istad.
HV-distriktsråd:	Asgeir Nøttveit. Vara: Jostein Hellestveit.
Geit i Vekst:	Olav Gullbrå.
Landskap i drift:	Jostein Hellestveit.
Matfestivalen:	Lars Peter Taule.
Vassregion Vestlandet:	Lars Peter Taule.
Grøntutval Vestlandet:	Marta B. Meland og Terje Larssen (Ullensvang).
Kulturlandskapsgruppa/RMP:	Marta B. Meland og Lars P. Taule. Vara: Lars Istad.
”Vi satsar på mjølk og kjøt”:	Nils Neteland.

### **Hordaland Bondelag sine representantar i (oppnemnd av andre):**

Norske Lakseelver:	Bjarte Naterstad. Vara for Norges Bondelag.
Valnemnda i Norges Bondelag:	Jostein Hellestveit. Vara: Clara Hveem
Styret i Norges Bondelag:	Nils T. Bjørke (styremedlem).
Handlingsplan – plantevernmidlar:	Marta B. Meland. Oppnemnd av Norges Bondelag.
Grønt samarbeid:	Solveig Lilletvedt. Oppnemnd av Norges Bondelag.

### **Hordaland Bondelag sine utsendingar til:**

Årsmøtet i Hordaland Bygdekvinnelag 2009:	Erik Willgohs, Jon Vikane.
Årsmøtet i Hordaland Bygdeungdomslag 2009:	Marta B. Meland og Olav Botnevik.
Årsmøtet i 4H Hordaland 2009:	Solveig Lilletvedt.

## ÅRSMØTET, HORDALAND BONDELAG 2008 (protokoll)

Hordaland Bondelag arrangerte årsmøtet på Quality Hotell Edvard Grieg, Sandsli i Bergen, 7. og 8. mars.

**Sigvart Hopland, årsmøtevald ordstyrar**, opna årsmøtet, og ønskte alle velkomne.  
Deretter song vi Bondesongen.

**Årsmøtet i Hordaland Bondelag vart helsa av Gunnar Bakke, ordførar i Bergen.** Bakke peika mellom anna på landbruket som ei viktig næring for framtida, og dei store utfordringane med å sikre areal til framtidig landbruksproduksjon.

Årsmøtesak 1

VEDTAK

## **Godkjenning av innkalling**

## Innkallinga vart godkient.

Namneopprop vart føreteke av organisasjonssjef Lars Peter Taule.

**Leiaren sin tale, v/leiar Marta Bjørgum Meland.  
Kort diskusjon.**

## **Landbruksdirektør Ole Bakkebø.**

”Landbruk i Hordaland – ei samansett næring med framtid!”

**Etter lunsj vart miniseminaret om reiseliv og landbruk arrangert.**

Seminaret var ikkje ein del av årsmøtet, og vert såleis ikkje referert her.



*Ordførar Gunnar Bakke.*

Årsmøtesak 2

VEDTAK:

## **Godkjenning av saksliste**

## *Saklista vart godkjent.*

Årsmøtesak 3

VEDTAK

Val av to personar til å skrive under protokoll

*Anna Kløve og Eivind Myrdal vart valde.*

## **Landbruks politiske utfordringar våren 2008,**

## **Open post.**

Desse hadde ordet:

Hans Jakob Berge, Jostein Hellestveit, Lars Ove Rimmereid

Hans Jakes Berge,  
og Lars Istad.

## Årsmelding 2008

Lars Ove Rimmereid bad årsmøte om tilslutning til eit brev Felleskjøpet RA om fraktutjamning. Årsmøte ville ta opp brevet til handsaming på dag 2.  
Hans Jakob Berge orienterte om den store kostnadsauken på frakt av korn mellom landsdelane, og fraktkostnadene generelt.

### Årsmøtemiddagen:

- Kuven skule underheldt med ei song- og danseframstilling.
- Rune Lekven frå Os fekk overrekt Gjensidig Forsikring sin HMS-pris.
- Nils Neteland og Inger Marie Vika fekk takk for sitt gode arbeid i fylkesstyret. Dei hadde sagt frå seg attval.
- Tore Henrik Øye fekk ei varm takk for prosjektarbeidet han har utført, og måten han har profilert Hordaland Bondelag på.
- Bjarne Undheim vart takka for sitt gode arbeidet som leiar i Norges Bondelag, og for å ha tatt opp dei vanskelege driftstilhøva vi har her vest. Bjarne hadde sagt frå seg attval.



Svein Atle Steinbru, Rune Lekven og Marta.



Vokalist frå Kuven skule.

## Laurdag 8. mars – årsmøtedag 2

Clara Hveem hadde ein kort appell i høve Kvinnedagen.

**Jordbruksforhandlingane – strategi og tiltak,** v/ Bjarne Undheim og Marta B. Meland  
**VEDTAK:** *Møtet er lukka, men med tilgang for utsendingar frå Landbruksamvirke og æresmedlemmar.*

**Mekanismane i Jordbruksforhandlingane.** Krav, tilbod, forhandlingar, fredsplikt, avtale eller brot, v/ Bjarne Undheim.

**Hordaland Bondelag sin strategi for å danne grunnlag for ei jordbruksavtale,** v/ Marta Bjørgum Meland.

## Årsmelding 2008

**ORDSKIFTE:** Desse hadde ordet: Nils Neteland, Ingvor Gundegjerde, Arild N. Øvre-Eide, Jostein Ljones, Lars Istad, Bård Terje Røyrvik, Olav Botnevik, Tore Brandstveit. Fleire streka under at ein vesentleg netto inntektsauke er heilt naudsynt. Det kom òg kommentarar kring uravstemming, velferdsordningar og aksjonar.

### **Open post**

Helsing frå Hjeltnes Gartnarskule og orientering om nytt studietilbod, v/ Tore Brandstveit.

Eit revidert utkast av brev til Felleskjøpet RA vart lagt fram.

*VEDTAK: Årsmøtet i Hordaland Bondelag sender fylgjande brev til Felleskjøpet RA:*

**Ulik fraktsats på kraftfør i Felleskjøpet Rogaland Agder sitt område.**

Den strukturrasjonaliseringa vi har hatt dei siste åra, for å drive rasjonelt og effektivt på få og store anlegg, har ført til større kostnad på frakt ut til distrikta. Ut frå samvirketanken er det ikkje rett at denne kostnaden blir større jo lengre vekk frå anlegget ein bur. Årsmøtet 2008 meiner det er viktig at Felleskjøpet tek ansvar i den oppståtte situasjonen og jobbar fram ei løysing som tener bonden som brukar, same kvar han bur i distribusjonsområdet.

*Sandsli, 8. mars 2008, Årsmøte i Hordaland Bondelag 2008.*

### **Viktige saker i organisasjonen.**

- |                                    |                   |
|------------------------------------|-------------------|
| - Null-visjonen, HMS i landbruket, | v/ Nils Neteland. |
| - BSF si framtid,                  | v/ Olav Botnevik. |
| - Økologisk landbruk,              | v/ Jan Ove Nes.   |

### **Årsmøtesak 4                  Innkomne saker**

(Ingen saker var melde inn).

### **Årsmøtesak 5                  Årsmelding**

Årsmeldinga vart gjennomgått av Jostein Hellestveit.

*VEDTAK: Årsmelding godkjent.*

### **Årsmøtesak 6                  Rekneskap**

Rekneskapen vart lagt fram av Lars Peter Taule.

*VEDTAK: Rekneskapen godkjent.*

### **Årsmøtesak 7                  Budsjett**

Budsjettet for 2008 vart gjennomgått av Lars Peter Taule.

*VEDTAK: Budsjett godkjent.*

### **Årsmøtesak 8                  Arbeidsplan**

Styret sitt framlegg til arbeidsplan vart lagt fram av Clara Hveem.

Det kom fleire kommentarar og innspel til endring:

## Årsmelding 2008

**VEDTAK:** *Det må utarbeidast ein ny arbeidsplan for Hordaland Bondelag til neste årsmøte. Hordaland Bondelag skal arbeide for at det vert utarbeidd ein ny visjon for Norges Bondelag. Fylgjande arbeidsplan vart vedteken:*

### ARBEIDSPLAN FOR HORDALAND BONDELAG 2008 – 2009

**VISJON:** *Vi får Norge til å gro.*

#### **HOVUDMÅL:**

Hordaland Bondelag skal arbeide for å ivareta landbruket og medlemane i Hordaland sine interesser på ein best mogeleg måte. Målet er å fremja eit bærekraftig landbruk som sikrar mat, miljø og levande bygder og med det ei bærekraftig samfunnsutvikling

*Hordaland Bondelag må til ei kvar tid vere budd til å ta opp viktige saker, og skal:*

- Arbeide for å betre økonomien i vestlandsjordbruket.
- Arbeide for å auka landbruksproduksjonen i Hordaland.
- Følgje WTO-arbeidet tett. Samarbeide med andre organisasjonar og vere førebudde på aksjonar.
- Arbeide imot norsk EU-medlemskap. Nei til EU er ein sentral samarbeidspartner.
- Ha god kontakt mot det politiske miljøet.
- Delta aktivt i regionale prosessar for landbruk og miljø med særleg vekt på klima & jordvern.
- Bruke ekstern informasjon for å synleggjere verdiskapinga i landbruket, organisasjonen sitt arbeid og oppnådde resultat.
- Arbeide med organisasjonsopplæring og rekruttering, med vekt på kvinner og unge.
- Forankre nye næringar og næringsutvikling i organisasjonen. Spesielt fokus på ”Inn på tunet ” og Utmarksbasert reiseliv.
- Gje born og vaksne kunnskap om norsk landbruk, m.a. gjennom ”Open gard”, ”Den grøne skulen” og Landbrukspelet.
- Fokus på Landbruksamvirket og nye samarbeidsformer.
- Miljøplan og Landbrukets HMS-teneste.
- Internasjonal kontakt.

**Årsmøtesak 9 Val**  
Det var 49 utsendingar med stemmerett.

Etter valet fekk styret følgjande samansetting:

**A. Styret i Hordaland Bondelag 2007 – 2008:**

Leiar:	Marta Bjørgum Meland,	Ullensvang	(Krins 3)	Attval
Nestleiar:	Lars Istad,	Voss	(Krins 4)	Ny
Styremedl.	Clara Hveem,	Kvinnherad	(Krins 1)	Attval
Styremedl.	Olav Botnevik,	Os	(Krins 2)	Ikkje på val
Styremedl.	Jostein Hellestveit,	Lindås	(Krins 5)	Ikkje på val
Vararepr.				
1.	Solveig Lilletvedt,	Bergen	(Krins 2)	Ny
2.	Anne Bakke Handeland,	Sveio,	(Krins 1)	Attval
3.	Turid Bjørndal Njåstad,	Osterøy	(Krins 5)	Attval

**B. Ordstyrar:**

Ordstyrar:	Ingvor Gundegjerde,	Etne
Vara:	Inger Marie Vika,	Voss

**C. Årsmøteutsendingar Norges Bondelag:**

Utsendingar til årsmøtet i 2007 og 2008 (ikkje på val)

Lars Istad	Voss	(Krins 4)
Jostein Hellestveit	Lindås	(Krins 5)
Olav Botnevik	Os	(Krins 2)

Utsendingar for årsmøtet i 2008 og 2009

Clara A. Hveem	Kvinnherad	(Krins 1)
Solveig Lilletvedt	Bergen	(Krins 2)
Anne Bakke Handeland, Sveio	(Krins 1)	

Vara i nummerrekkefølgje i 2008

1. Jon Larsgard	Jondal	(Krins 3)
2. Turid Bjørndal Njåstad	Osterøy	(Krins 5)
3. Magne Gjuvsland	Fusa	(Krins 2)
4. Bjørne Røthe	Voss	(Krins 4)
5. Erik Willgoths	Huglo	(Krins 1)
6. Lars Peter Taule		(Organisasjonssjef)

**D. Revisor.**

Framlegg – ny kontrakt med Revisorgruppa; J. Bøyum og Å. Steen Olsen, Voss  
*VEDTAK: Attval.*

## Årsmelding 2008

### E. Godtgjersle for tillitsvalde:

- Godtgjersle til nestleiar på kr 10.000,- pr. år.
- Telefon- og daggodtgjersle vert ytt alle i fylkesstyret etter rekning (unntak for fylkesleiar som får godtgjersle frå Norges Bondelag).
- Valnemnda gjer framlegg om å ikkje endre daggodtgjersle for komande periode.

Eksisterande satsar er:

Daggodtgjersle:	Styret og utvala	kr 600,-	(under 4 timer)
		kr 1 300,-	(over 4 timer)
Køyring km-godtgjersle:	Statens satsar gjeld for alle. (3,00 kr./km, 0,50 kr./km passasjer)		
Diettgodtgjersle:	Statens satsar gjeld for alle (ny ordning): 5-9 timer kr 140,- 9-12 timer kr. 200,- 12 - timer kr. 320,-		
Barnepass:	Dokumenterte utgifter til pass av barn under 7 år vert dekka med kr 150,- timen innanfor gjeldane sats for draggodtgjersle.		

Alle møte skal avklarast med organisasjonssjef eller fylkesleiar før gjennomføring.

### F. Aksjonsutval:

Valnemnda gjorde framlegg om at styret i Hordaland Bondelag utgjer aksjonsutvalet.

### G. Valnemnda

	Medlem		Varamedlem
Krins 1	Jan Holger Hamre	Ny	Anita Larsen
Krins 2	Magne Gjuvsland	Ikkje på val	Jan Hauge
Krins 3	Terje Larssen	Ny	Jon Larsgard
Krins 4	Lars Ingvald Folkedal	Ny	Nils T. Bjørke
Krins 5	Solveig Vabø	Ikkje på val	Reidar Konglevoll

**"Med store tankar som fylgje heim"**, v/ Kurt Oddekalv, Norges Miljøvernforbund.

Årsmøtet slutt med lunsj og heimreise.

## ORGANISASJONS- OG MEDLEMSARBEID

### Lokallaga i Hordaland

Hordaland Bondelag har 44 lokallag ved utgangen av 2008.

### Medlemstal


Per 1. januar 2008 hadde Hordaland Bondelag 3 395 medlemmer. Ved utgangen av året var medlemstalet auka til 3 419. 165 personar melde seg inn. 138 medlemmer vart melde ut. Nokre melde seg ut sjølve, nokre fekk stoppa medlemskapen og nokre gjekk bort. Resultatet vart ei netto auke på 24 medlemmar i 2008.

### Årsmøta

Hausten 2008 vitja fylkesstyret og tilsette i Hordaland Bondelag 21 årsmøte i lokale bondelag. Dette er ei prioritert oppgåve frå fylkeslaget, og målet er at laga skal få vitjing annakvart år. I tillegg skal det ytast ekstra hjelp til lag med låg aktivitet.

I 2008 starta arbeidet med samanslåing av Ulvik Bondelag og Eidfjord Bondelag. Prosessen skal avsluttast på nyåret 2009.

For første gong på mange år, deltok fylkeslaget på årsmøtet til Masfjorden Bondelag. Årsmøtet vedtok å setje av inntil kr 20 000,- til tiltak som kan styrke rekrutteringa til landbruket i kommunen.



Erik Kvinge og Masfjorden B  
avsette midlar til rekruttering

### Aktive lokallag

Styret i Hordaland Bondelag delte ut kr 35 000,- i Aktive Lokallagsmidlar i 2008 for aktivitet ut over ordinær drift. Dei 10 laga som fekk tilskot var: Fusa Bondelag, Manger Bondelag, Granvin Bondelag, Bergen Bondelag, Voss Bondelag, Omvikdalen Bondelag, Fitjar Bondelag, Etne Bondelag, Os Bondelag og Sveio Bondelag. Styret har starta arbeidet med å klargjere retningslinene for tildeling av midlane.

### Regionmøta

Dei fem regionmøta vart halde på Voss, i Bergen, på Stord og i Utne i februar. Frå kontoret og fylkesstyret deltok høvesvis Lars Peter Taule, Geir Totland, Marta Bjørgum Meland og Nils Neteland.

Følgjande saker vart tekne opp: Jordbruksavtalen 2007 – 2008, jordbruksforhandlingane 2008/2009, ”null–visjonen”, landbruksstatistikk frå NILF, kontingent for samdrifter, politisk arbeid i organisasjonen, faginnlegg ”Trendar for landbruket – globalt fellesskap”.

# Årsmelding 2008

## Lokallaga

<b>Reg</b>	<b>Medl</b>	<b>Lokallag</b>	<b>Leiar</b>	<b>Telefon</b>	<b>Mobil</b>
1	218	Etne Bondelag	Ekrheim Ove	53754913	99237779
1	99	Sveio Bondelag	Handeland Anne Bakke	53741251	41215087
1	42	Bømlo Bondelag	Sakseide Ståle	53425402	99316740
1	49	Stord Bondelag	Vikane Jon		95261515
1	19	Huglo Bondelag	Willgoths Erik	53495616	90145359
1	100	Fitjar Bondelag	Kloster Reidar	53497812	95097620
1	22	Varaldsøy Bondelag	Skjelnes Erling J.	53488137	90770037
1	75	Rosendal og Seimfoss B.	Dale Berit	53480132	98624561
1	71	Omvikdal Bondelag	Hjelmeland Rannveig	53480138	91188232
1	47	Uskedalen Bondelag	Kjærland Tor Jarle	53486588	91351471
1	36	Ølve/Hatlestrand Bondelag	Traavik Are	53489332	92625514
1	28	Åkra Bondelag	Kvame Arild	53479971	48029162
1	34	Halsnøy Bondelag	Brekke Øystein	53478192	99210180
2	317	Bergen Bondelag	Øvre-Eide Arild Nydegger		90843412
2	40	Tynsnes Bondelag	Teigland Olav	53434580	91118105
2	134	Fusa Bondelag	Gjuvsland Magne	56582361	97194200
2	17	Samnanger Bondelag	Frøland Anne	56586531	91750242
2	79	Os Bondelag	Lyssand Martin	56306094	97166960
2	16	Austevoll Bondelag	Skumsnes Ingolv	56184988	98870803
2	40	Sotra og Øygarden B.	Fauske Terje Monrad	56333687	90551947
2	27	Askøy Bondelag	Nese Arvid	56149160	90037726
3	28	Jondal Bondelag	Larsgard Jon	53668809	92843671
3	74	Odda/Røldal Bondelag	Aase Kåre Johannes	53645622	91330136
3	223	Ullensvang Hagebrukslag	Nes Jan Ove	53663903	91318679
3	24	Eidfjord Bondelag	Myklathun Harald	53665906	97693625
3	74	Strandebarm Bondelag	Røyrvik Bård Terje	56558333	95841585
3	217	Vikøy og Øystese Bondelag	Fykse Sjur Tarjei	56551426	97665655
3	27	Tørvikbygd Bondelag	Borge Oddbjørn	56558414	90626315
4	56	Ulvik Bondelag	Brandstveit Tore	56526451	95732483
4	59	Granvin Bondelag	Folkedal Lars Ingvald		45232535
4	269	Voss Bondelag	Holstad Olav Rio	56520008	97565471
4	79	Bulken - Evanger Bondelag	Røthe Bjørne	56514447	91330063
4	99	Vossestrand Bondelag	Vika Inger-Marie	56522844	97123804
4	15	Vaksdal Bondelag	Gammersvik Olav	56598210	47370133
4	48	Eksingedalen Bondelag	Gullbrå Olav	56595041	90956499
4	17	Modalen Bondelag	Nåmdal Håkon	56599833	95172187
5	156	Osterøy Bondelag	Njåstad Turid B.	56392459	91765853
5	51	Meland Bondelag	Skjellanger Kåre	56175064	93057068
5	39	Manger Bondelag	Nøttveit Asgeir	56373421	48154556
5	77	Radøy Bondelag	Floen Bjørnar	56372016	90869381
5	90	Austrheim / Lindås B.	Gjerstad Tore		97155392
5	99	Alversund og Seim B.	Konglevoll Reidar	56351334	92848980
5	51	Eikanger Bondelag	Eidsheim Bjørn Ingvar	56354084	97145120
5	22	Masfjorden Bondelag	Haugsvær Gerd Astrid W.	56366227	

## Leiarmøtet 2008

Leiarmøtet vart halde på Hotel Ullensvang den 13. og 14. november. I tillegg til lokallaga deltok inviterte gjester og æresmedlem Kari Valland. Norges Bondelag var representert ved fagsjef Anders Huus, styremedlem Steinar Klev og prosjektleiar Terje Engvik.

Første dag var sett av til landbrukspolitisk kurs i regi av Norges Bondelag, med Anders Huus som føredragshaldar. Kurset hadde hovudvekt på jordbruksforhandlingane.

**\*Ein styremedlem si oppfatning av kurset:** Anders Huus var ein inspirerande og kunnskapsrik føredragsdragshaldar. Noko var nytt og noko hadde me høyrd før, men det er alltid godt med litt oppfrisking. Det var også bra å få stoffet i rett perspektiv. Jordbruksforhandlingane kan vera tungt stoff. Denne gongen var me innom mange grunnleggande tema, og fekk forklart desse på ein god og lettfatteleg måte. Me fekk også høre om målprisar og marknadsregulering. Det var ein svært lærerik dag som auka inspirasjonen til å ta fatt på heimebane.



Geir Totland orienterer om arbeidet i Hordaland Bondelag.

Dag to var sett av til vanlege saker i organisasjonen, og aktuelle prosjektsatsingar. Lars Peter Taule heldt eit flammande innlegg om ”Landbruk på Dagsordenen 2009”, og kom mellom anna inn på lokallaga si rolle. Leiarmøtet følgde opp med gruppearbeid om prosjektet, og vedtok uttalen ”*Ein offensiv matpolitikk – lønsemeld for bonden*”. Uttalen vart sendt til lokalaviser i Hordaland. Lokallaga fekk ansvar for å følgje opp ”sine” aviser.

Terje Engvik informerte om prosjektet ”Småkraft som næringsveg”, og inviterte til samarbeid. Steinar Klev tok opp aktuelle saker i Norges Bondelag, som jordbruksforhandlingane, marknadsordningane og nytt prinsippromgram. Klev relaterte mange saker til situasjonen i Hordaland, og inviterte til meiningsytring.

Tine spanderte raspeballmiddagen. Bjødnabykse 4H underholdt med songar og sketsjar. Jostein Hellestveit fortalte om styreturen til Latvia i oktober.

Evalueringa frå leiarmøtet tyda på godt, fagleg innhald og ei trivleg samkome.

## Jordbruksforhandlingane

### Studieringar

Lokallaga gjennomførte studieringar framafor jordbruksforhandlingane, og 18 lag gav skriftlege innspel til Hordaland Bondelag si uttale. Mange av innspela var knytt til auke i målprisane. Lokallaga fekk tilsendt Opplæringshefte og Avtaleguide 2007 – 2008 som bakgrunn for diskusjonane.

### Samråtingsmøte

På vegne av ”Samarbeidsrådet” inviterte Hordaland Bondelag ulike organisasjonar til samråtingsmøte om jordbruksforhandlingane. Møtet fann stad på Landbrukstunet i januar. Diskusjonane var gode, og innspela mange. Ti organisasjonar sende skriftlege innspel til bondelaget i etterkant av møtet.

### Uttale frå Hordaland Bondelag

Hordaland Bondelag laga uttale til Norges Bondelag på bakgrunn av diskusjonar i styret og innkomne framlegg frå lokallag og samarbeidsorganisasjonar. Høyringa frå fylkeslaget konsentrerte seg om målprisauke for alle produksjonar.

### Utdeling av ”avis”

Onsdag 16. april gjennomførte Norges Bondelag ”Aksjonsdag” i førekant av jordbruksforhandlingane. Aksjonen bestod i å dele ut ei ”avis” i namnet til ulike regions- og lokalaviser. Føremålet var å få fram bondelaget sitt budskap i samband med forhandlingane, og å lage innhald ut frå korleis organisasjonen meiner avisene bør dekkje norsk landbruk.



Marta og Lars Peter under avisaksjonen.

I vårt område vart Bergens Tidende, Hordaland og Haugsund Avis sine logoar nytta. Avisene vart delte ut i Bergen, på Voss og andre sentrale stader i fylket. Lokallaga stod for utdelinga. Totalt vart namnet til 55 aviser i Norge nytta.

”Kuppet” skapte irritasjon hos mange redaktørar. Aksjonen vart dekkja av riksmedia, der mellom anna bondelagsleiar Bjarne Undheim måtte forklare seg. Uavhengig av reaksjonane var dette ein vårdag der bondelaget skapte merksem og sette dagsorden.

### Resultatet av oppgjeret

Det vart semje mellom jordbruksorganisasjonane og Staten om ei avtale. Den totale ramma var på 1900 millionar kroner. 350 millionar kom på budsjett, medan det resterande

skulle takast ut gjennom målprisauke. I tillegg til ramma vart det sett av 42 millionar kroner i frigjorte midlar.

Retten til kompensasjonsforhandlingar grunna forventa prisvekst på gjødsel og kraftfør, vart protokollført. Kompensasjonen skulle dekkjast inn gjennom auke i målprisane.

### Uravstemming

For første gong på mange år vart det bestemt at eit framforhandla, tilrådd resultat skulle leggjast ut til uravrøyting. Dette for å gje forhandlarane våre tilbakemelding om at dei hadde fått maksimalt ut av forhandlingane med Staten, eller eventuelt seie ifrå om at resultatet var for dårleg.



Ivrig diskusjon under uravstemminga.

Eit stort fleirtal gjekk inn for den framforhandla avtala. Utfallet var nok meir ei erkjenning av mangelen på reelle alternativ, enn at bøndene var godt nøgde med resultatet. Avtala gav oss høve til ei utvikling på line med andre grupper, men den tetta ikkje inntektsgapet.

### Justeringsforhandlingane

Med bakgrunn i sluttprotokollen frå jordbruksoppgeret, vart det sett i gong justeringsforhandlingar hausten 2008. Føremålet med forhandlingane var å yte full kompensasjon for kostnadsauken på gjødsel og kraftfør. Budsjettet for Jordbruket la fram ei innstilling. Like før sluttföringa kravde Staten ny gjennomgang av talmaterialet. Argumentasjonen var at prisnivået for mineralgjødsel hadde overstige det som var akseptabelt samanlikna med utviklinga internasjonalt og kostnadane i norsk matproduksjon. Tidspunktet for nye sluttforhandlingar vart sett til januar 2009.

### Årsmøtet i Norges Bondelag

Årsmøtet i Norges Bondelag vart halde i Lillehammer den 11. og 12. juni. Hordaland Bondelag hadde åtte årsmøteplasser, inkludert organisasjonssjef.

Marta Bjørgum Meland heldt hovudinnlegget frå Hordaland Bondelag, med vekt på jordbruksavtala. Clara Hveem heldt innlegg om samvirke og prisnedskrivning på korn. Elles var Lars Istad, Olav Botnevik og Jon Larsgard på talarstolen.

Nils T. Bjørke var vald som 1. nestleiar og Clara Hveem som 1. vararepresentant til styret i Norges Bondelag. Jostein Hellestveit vart vald inn i valnemnda.

## Leiarkonferansen i Norges Bondelag

Leiarkonferansen 2008 vart halde i Oslo den 5. og 6. november. Marta Bjørgum Meland, Jostein Hellestveit, Clara Hveem og Geir Totland deltok frå Hordaland Bondelag. Nils T. Bjørke representerte Norges Bondelag. Konferansen handsama mellom anna justeringsforhandlingane, marknadsordninga for kjøt og egg, arbeidsmiljøundersøkinga til Norges Bondelag og Landbruk på Dagsordenen 2009.

## Medlemsverving

I bondelaget er medlemsverving ei viktig oppgåve, og det er framleis mange bønder og grunneigarar som ikkje er medlemmar. Verveutvalet i Hordaland var samansett av Inger-Marie Vika, Turid Bjørndal Njåstad og fylkeskontoret.

Norges Bondelag har starta ei vervekampanje med gåvekort hos Felleskjøpet i vervepremie. Anne Bakke Handeland, leiar i Sveio Bondelag og vararepresentant i fylkesstyret, verva 5 medlemmar og vart den første som fekk gåvekort vervekampanjen!

## Kvinnrepresentasjon

Fylkesstyret er godt representert med kvinner. Her har valnemnda gjort ein god jobb. Det står ikkje like bra til med representasjonen i lokallaga, og lokale valnemnder må være medvitne sitt ansvar. Både faglag og samvirket trenger fleire kvinner i styra sine, og det er ein fordel å prøve seg på lokalplanet først.



## Æresmedlemmar

Æresmedlemsskap er ei heider til personar som har gjort spesielt godt arbeid for organisasjonen og medlemmane. Utmerkinga kan gjevest både på lokal-, fylkes- og landsnivå i organisasjonen. Hordaland Bondelag har tre æresmedlemmar: Knut A. Dugstad - Voss, Anna Sylvia Haukås – Bergen (biletet) og Kari Valland - Kvam.

## ARBEIDET I FYLKESLAGET

### Kontorfellesskapet på Landbrukstunet

Hordaland Bondelag har kontor ved Landbrukstunet på Stend. Her har vi gode kontortilhøve og eit godt fellesskap, fagleg og sosialt, med tilsette i Forsøksringen Hordaland, Veksthusringen og Nortura.

### Styremøte

I 2008 hadde fylkesstyret 11 styremøte og to telefonmøte. Styret handsama 102 saker. Mange forskjellige tema stod på sakslista, frå prinsipielle spørsmål til enkeltsaker. Bondelaget sende fleire høyningsuttalar i løpet av året.

## Oppgåvefordeling i styret og arbeidsutvalet

Styret fordeler arbeidsoppgåver og fagområde mellom seg etter interesse og kompetanse. Dette sikrar ei best mogleg handsaming av viktige saker. Arbeidsutvalet (AU) består av fylkesleiar, nestleiar og organisasjonssjef. AU handsamar og avgjer saker som det er klar praksis på i bondelaget, og der fylkesstyret delegerer ansvar. Fordelinga gjer arbeidet rasjonelt og effektivt.

## Bondelagssida i Vestlandsk Landbruk

Vestlandsk Landbruk er ei viktig kjelde til informasjon for medlemmane i Hordaland Bondelag. Målet er å ha informasjon og innlegg på bondelagssida i kvart nummer. Styret fordeler skriveoppgåvene mellom seg.

### Open Gard

I år var det Open Gard 8 stader i Hordaland. Arrangementet er landsomfattande og viktig for å skape positive haldningar til landbruket. Nokre lokallag har arrangementa sine på ein gard eller landbruksskule, medan andre deltek på landsbruksdagar i bygda. Den "nasjonale dagen" for Open Gard var 17. august, men lokallaga kunne velje datoar som passa best lokalt.



*Open Gard i Bergen.*

### Internett ([www.bondelaget.no/hordaland](http://www.bondelaget.no/hordaland))

I haust fekk Norges Bondelag nye nettsider, med eigne fylkessider. Sidene har ny design, og er lette å oppdatere. Intensjonen er å leggje ut minst tre saker kvar veke, og dei tilsette arbeider mykje med dette. Hordaland er no blant fylkeskontora med flest saker på nettet. Kontoret vonar tillitsvalde og andre vil sende inn tips og saker for å gjøre sidene endå betre. Målet er å spegle arbeidet i fylkesbondelaget og situasjonen for hordalands-jordbruket på ein god måte, slik at også pressa og offentleg forvalting bruker sidene.

### WTO

2008 var nok eit år der beredskapen i bondelaget vart sett på prøve. Midtsommars vart ministrane kalla inn til møte i Genève for å vedta ny handelsavtale. I dette høve arrangerte Norges Bondelag ein demonstrasjon i Oslo. Frå Hordaland deltok 15 personar. På samlinga kom det klart fram at fleire enn bøndene i Norge var skeptisk til det nye framlegget. Ministrane vart ikkje samde om noko ny handelsavtale.



Frå WTO-markeringa i Oslo.

## Landbruk og klima

Klimaproblematikk har fått stor merksemd det siste året, og landbruket er trekt fram som ei næring med stort utslepp av drivhusgassar. Bondelaget har delteke på møte og diskusjonar om tema, og fokusert på landbruket som ein del av løysinga – ikkje som eit problem. Fleire kommunar har sett i gong arbeid med klima- og miljøplan, der lokale bondelag har engasjert seg.

## Inn på Tunet (IPT)

Over 60 bønder i Hordaland har eit IPT opplegg på garden. Mange er medlemmar i bondelaget, og dei fleste er med i Fagforum Inn på Tunet. Presentasjonen av forumet på nettsida [www.innpaatumet.no](http://www.innpaatumet.no) gir god marknadsføring, noko som er viktig for å styrke næringa. Fagforum IPT Hordaland har haustsamling og årsmøte.

Norges Bondelag har eit IPT-utval, der Solveig Lilletvedt er medlem. Utvalet meiner dei største utfordringane er synliggjering av tilbodet i marknaden (*skular, kommunar, helse og omsorgstenesta*), kvalitetssikring av IPT og forankring av næringa både politisk og i bondelaget. IPT utvalet meiner bondelaget kan hjelpe til med mediestrategi, avtaleverk, kunnskap og kompetanseutvikling.



Tove Bergh Horgen, leiar for Norges Bondelag sitt kvalitetssikringsprosjektet av IPT, var på besøk i Hordaland for å sjå på satsinga her (biletet).

## Økologisk Landbruk

Hordaland Bondelag har vore med på fleire møte og seminar om økologisk landbruk, og deltek i FMLA sitt prosjekt ”Landskap i Drift” (økologisk fokus).

## Samarbeidsrådet, landbruk Hordaland/Sogn og Fjordane

Leiar og organisasjonssjef representerer Hordaland Bondelag i samarbeidsrådet.

Fram til rådsmøtet i september var Nils T. Bjørke, Nortura, leiar for organisasjonen. Rådet valde Ingunn Sognnes, Tine, til ny leiar, og Steinar Dvergsdal, Felleskjøpet Agri, til nestleiar.

Sentrale aktivitetar i 2008 var felles møte med stortingsrepresentantane frå dei to fylka, samrådsmøte mellom ulike landbruksorganisasjonar i førekant av jordbruksforhandlingane og hjorteseminar i samband med Bønder i Byd'n (sjå eigne omtalar).

## Fellesmøte med fylkeslaga i Nordland og Sogn og Fjordane

Hordaland Bondelag var vertskap for møtet, som vart halde i Bergen 7. - 8. februar. Kvart fylkeslag informerte om sitt arbeid, med påfølgjande diskusjon og erfarringsutveksling. I tillegg vart det halde gode faginnlegg, der våre nasjonale utfordringar vart sett inn i global samanheng. Innlegga vart halde av: Steinar Dvergsdal, styreleiar i Felleskjøpet Agri, Erling Vårdal, professor ved Universitetet i Bergen og nasjonal medlem i ”rådet” for WTO-saker og Nils T. Bjørke, bonde og styremedlem i Norges Bondelag.

Ordskiftet etterpå var svært godt. BT var tilstade med pressedeckning. Fylkeslaga vart samde om felles uttale til komande jordbruksforhandlingar.



Deltakarane på felles styremøte.

## Møte med Stortingsbenken

Samarbeidsrådet arrangerte møte med stortingsrepresentantane frå vestlandsfylka den 13. februar. Det vart eit hyggeleg møte på Thon Hotel Opera i Oslo. Frammøtet var bra, i alt 13 representantar møtte. På programmet stod ”viktige utfordringar for landbruket”, ”tøft klima for vestlandslandbruket”, og ”opptur i marknaden - framtida for bonden”. Det vart ein god diskusjon om ulike tema og utfordringar framover.

## MØTE, KURS, SEMINAR OG STUDIETUR

### Miniseminar om reiseliv og landbruk

I samband med Årsmøtet 2008, arrangerte Hordaland Bondelag miniseminaret ”Verdifulle opplevingar” Seminaret markerte avslutninga på prosjekt ”Utmarksbasert Reiseliv”. Arrangementet var ikkje ein del av det ordinære årsmøtet, men dei fleste årsmøteutsendingane deltok.

Programmet var variert og sette fokus på framtidas reiseliv med utgangspunkt i dagens erfaringar. Opplevelingsturisme, lokal mat, entreprenørskap, lokalt samarbeid og økonomisk lønsemd var tema for dei ulike innlegga. Følgjande hadde føredrag: Øyvind Slåke (Nærings- og industridepartementet), Mikael Forselius (Bondelagskokk 2008 og reiselivsvert på Røros), Margrete Alm (Ekstremsportveko), Arne Fykse (bonde og gründer), Bjarne Undheim (Norges Bondelag) og Tore Henrik Øye (Hordaland Bondelag). Seminaret vart avslutta med plenumsdebatt og spørsmål frå salen.

### Studiatur til Latvia, 15. – 19. oktober

I år reiste Hordaland Bondelag på tur til Latvia etter ønske frå fleire styremedlemmar.

Prosjektsatsinga som bondelaget deltok i for om lag 10 år sidan (mjølke- og forkvalitet), var bakgrunnen for turen. Bondelaget var i Latvia i prosjektperioden. Nå ønskja styret å sjå resultatet av arbeidet, og sidan fleire av styremedlemmane ikkje hadde vore i Baltikum før, var vi nysgjerrige på landbruket ”der aust”. Turen gjekk til dei nordvestre delane av landet.

Jostein Hellestveit, som har nær kontakt med bønder i Latvia, var reiseleiar. Programmet inneholdt mellom anna gardbesøk og eit seminar om verknaden av støtta frå prosjektet. På seminaret deltok fylkesmannen i Limbazi-regionen, lokale bønder og representantar frå både privat og statleg rettleiingsapparat.



Klar for besøk i grisehuset.

## Årsmelding 2008

Juris Zalitis, Jostein sin nære kontakt i Latvia, var lokal guide, og til uvurderleg hjelp undervegs.

Vi vitja fleire mjølkeprodusentar og ein svineprodusent. Husværa og husdyrbygningane har dårligare standard enn vi er vant med. Produksjonsomfanget og størrelse på gardane skilde seg òg frå situasjonen her heime. Endringane frå tida med kollektiv bruk og fram til i dag, med jord i privat eige, virka store.

Latvia har enorme, produktive vidder som er lette å dyrke. Mykje av jorda er ikkje i produksjon. Kapitaltilgangen er det største hinderet for dette. Bruken av kraftfør og handelsgjødsel er minimal, grunna høg kostnad og dårlig bytteverdi.

Bøndene var godt nøgde med hjelpa frå Norge. Den har medverka til betre utvikling på gardane, både teknisk, maskinelt og kunnskapsmessig.

Mjølkesamvirket har låg tilslutning, og mange av meieria er i privat eige. Vi fekk eit klart inntrykk av meiningsbrytning mellom offentlege og private føretak.

Vi vart godt mottekne, og fekk ei fantastisk oppdekning. Den siste dagen var vi turistar i Riga. Reisa var flott og nyttig, og vi fekk innblikk i den kraftige omstillinga som er på gang innafor landbruket i Latvia.

### Kurs - "Betre styrearbeid"

Styrekurset vart halde hos "Vaatt og Vilt" i Kvamsvågen, Lindås kommune den 17. april. Erik A. Engebretsen hos Norsk Landbruksamvirke var kursleiar. Kurset tok opp viktige faktorar for å styrke møteverksemda og samarbeidet internt, både i styret og ovafor administrasjonen.

### Skattekurs

Norges Bondelag arrangerer årleg skattekurs for rekneskapskontor som har samarbeidsavtale med bondelaget. Kurset går over heile landet, og i Hordaland var samlinga i år lagt til Bergen. Programmet gav nyttig oppdatering på sentrale skatterettslege og rekneskapsfaglege områder.

I samband med kurset arrangerer Norges Bondelag og Økonomiforbundet ein temadag. Temaet vårt i år var:

"Samvirke – populær foretaksform i landbruket". 65 deltakarar var med på kurset.



Konsentrert gjeng.

## Seminar om hjort

Seminaret "Kortreist hjortekjøt til restaurantbordet" vart arrangert på den første dagen av Matfestivalen i Bergen. Samarbeidsrådet var arrangør i lag med bondelaga i Bergen og Os. Målet med seminaret var å avklare korleis ein kan få meir hjortekjøt frå Hordaland til restaurantane.

Veterinær Arve Per Viken oppfordra grunneigarane til å etablere godkjent kontrollstader, der jegerane kan levere inn hjorteslaktet. Mange restaurantar er interesserte i å kjøpe hjortekjøt, men utfordringa er ofte stabil tilgang på nok kjøt.

Tilbakemeldingane frå deltakarane var gode, og vona er at seminaret medverkar til etablering av godkjente kontrollstader i Hordaland.



Veterinær Arve Per Viken.

## Fagseminar på Fureneset Fagsenter

Lars Istad deltok på fagseminaret til Bioforsk Vest Fureneset, 28. og 29. oktober i samband med fagsenteret sitt 70 årsjubileum. Seminaret samla nokre av dei fremste forskarane innafor grovfôr og plantekultur, og var svært lærerikt. Lars helsa jubilanten på vegne av bondelaget.

## Kulturlandskap og næringsutvikling

Fylkesleiaren deltok på seminaret *"Kulturlandskapet sin verdi i næringsutviklinga"*. Seminaret vart halde i Herand den 5. september. FMLA var arrangør i lag med lokale krefter.



Øvre Eide gard i Bergen. Foto: Arild Nydegger Øvre-Eide.

## HØYRINGAR OG UTTALAR

### Felles uttale med bondelaga i Nordland og Sogn og Fjordane

I samband med fellesmøtet i Bergen i februar, laga fylkesstyra uttalen: "KREV EIT HISTORISK LØFT". Uttalen kravde ei kraftig styrking av økonomien i landbruket, og at regjeringa tek eit krafttak for framtidas matproduksjon i heile landet. Uttalen, som vart skriven under av fylkesleiarane, presiserte at det hastar med å gi eit vesentleg inntektsløft.

### Forskrift om kvoteordning for melk – kvoteleie m. v

Styret i Hordaland Bondelag gav uttale til høyringa om endring i kvoteføreskrifta, med regelverket for kvoteleie. Styret peika mellom anna på at kvoteleiga bør avgrensast til fylket (geografisk grense). Uttalen vart som vanleg sendt til Norges Bondelag som grunnlag for organisasjonen si uttale.

### Skipswerft i Hansvågen, Kvam herad

Ole Nicolai Skulberg frå Norges Bondelag og Tore Henrik Øye frå Hordaland Bondelag, deltok på MD si synfaring den 24. oktober. Den byrja med møte i samfunnshuset på Mundheim, før synfaring i terrenget. Skulberg fekk eit 5 minuttars innlegg, og rådde frå "Vegalternativ A" ut frå omsynet til jordvern, kulturlandskap og reiseliv. Bondelaget har ikkje teke stilling til sjølege verftet. MD fattar endeleg vedtak i saka våren 2009.

### Støtteskriv om retten til å søkje BU-midlar

Styret i Hordaland Bondelag forma eit støtteskriv til ein medlem om retten til å søkje BU-midlar. Bakgrunnen var at søkeren fell utafor alderskravet om tilskot (under 35 år). Styret meiner at ingen bør bli ekskludert frå å søkje grunna alder, men at unge brukarar bør prioriterast.

### Andre høyringar

Hordaland Bondelag har også uttalt seg i følgjande saker:

- \* Høyring om Regionalt Miljøprogram – Hordaland (sjå eigen omtale).
- \* Revisjon av forvaltningsplan for Rovdyr i region 1. Høyring i samarbeid med Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
- \* Forvaltningsplan for gjess i Hordaland (sjå eigen omtale).
- \* Handlingsplan for dyrevelferd 2008-2012, pelsdyr
- \* Opprop; "Nei til nye opprettskonsesjonar i indre Hardangerfjord". Initiativtakar var Hardanger Villfisklag, der mange grunn- og elveeigarlag i regionen er medlem.
- \* Høyring om kraftline, Mongstad – Kolsnes.
- \* Forskrift om nasjonale bestemmelser om krav til varmebehandling ved omsetning av melk og fløte.".

## UTMERKINGAR

### **Landbrukets HMS-pris i Hordaland**

HMS-prisen vert delt ut kvart år i regi av Gjensidige Forsikring og Hordaland Bondelag. Vinnaren i år vart Rune Lekven frå Os. Svein Atle Steinbru frå Gjensidige overrekte prisen i samband med årsmøtemiddagen til bondelaget. Prisen var på kr 10 000,-, og vart delt ut for tiande gong.

### **Bygdeutviklingsprisen**

Bygdeutviklingsprisen 2008 gjekk til Straumøy Gard i Sveio som driv Inn på Tunet tilbod. Hordaland Bondelag og Hordaland Bonde- og Småbrukarlag sit i juryen saman med FMLA og Innovasjon Norge, som står for utdelinga.

Utdelinga fann stad på spisestedet På Høyden i Bergen. Fylkesleiaren vår var tilstade med helsingar og gratulasjonar. Den nasjonale prisen gjekk til eit gardbruk på Løten som også driv med Inn på Tunet tilbod.

### **Kulturlandskapsprisen 2008**

Kulturlandskapsgruppa valde Herand Bygdelag som vinnar av Kulturlandskapsprisen 2008. Utdelinga fann stad på Arne Mælen sitt kunstsenter i Herand. Fylkesleiaren i Hordaland Bondelag var tilstade med gratulasjonar. Herand Bygdelag fekk òg den nasjonale prisen ved ei utdeling i Oslo.



*Leif Grutle frå Straumøy Gard og Marta. Foto: Ole Bakkebø.*

## PROSJEKT

### Utmarksbasert Reiseliv – Hordaland (UR)

UR vart avslutta i mars 2008, etter vel tre års drift. Føremålet med prosjektet var å støtte næringsutvikling knytt til jakt, fiske og andre naturbaserte aktivitetar. Grunneigarar og andre aktørar med interesse for grønt reiseliv var målgruppa for satsinga. Tore Henrik Øye leia prosjektet, som hadde ei styringsgruppe med representasjon frå fylkesmannen, fylkeskommunen, bondelaget og skogeigarlaget. Satsinga var delfinansiert gjennom BU- og RUP midlar.

I løpet av perioden var prosjektet involvert i om lag 30 produktsatsingar, og medverka til ei omsetjingssauke kring 1 million kroner.

Resultata nådde ikkje målsetjingane i høve tal produkt og omsetjingssauke. Men mange av produkta er under utvikling. Det er difor grunn til å tru at meirverdiar vil skapast på sikt.

Innvolveringsgraden varierte frå gong til gong. ”Ekso Villfisk, ”The Norwegian Birding Route” og ”Fra Fjell til Fjord” er døme på føretak som prosjektet var med å byggje opp frå grunnen av. UR deltok også i utviklinga av fleire jaktprodukt.

Vidare var samarbeid med Din Tur gjennomgåande i heile prosjektperioden, mellom anna om ”Aktive Feriehus”, sjøfiske, innlandsfiske og kajakksatsing. Dette er spanande temasatsingar med utviklingspotensiale. På kompetansesida arrangerte UR både kurs, møte, seminar og studieturar.

Prosjektleiar opplevde arbeidet som spanande og meiningsfylt, men også krevjande og utfordrande. Sjølv om UR ikkje kom heilt fram til målet, har prosjektet medverka til større medvit og ei sterkare næringsretta tenking. Satsinga har vonleg lagt grunnlag for vidare satsing, og synleggjort kva som må til for å lukkast med ei kommersiell satsing.

Det er utarbeidd sluttrapport med resultatoversyn, grundige diskusjonar og tilrådingar for framtida. Rapporten vart handsama av Hordaland Bondelag på styremøtet i september.



*Ridetur i regi av Smiedal Gardsferie.  
Foto: Trygve Øvstebø.*

## "Landbruk på Dagsordenen 2009"

Landbruket i Norge er ei politisk næring med mange funksjonar i tillegg til å produsere mat. Landbruket har dei siste 50 åra vore ein sentral del av norsk distriktpolitikk, og avhengig av brei forankring på Stortinget, gode målsetjingar og oppfølging av politiske føringer.

**2009 er et valår!** Mange politikkområde skal diskuterast, og det vil bli vedtatt partiprogram for komande stortingsperiode. For å medverke til at heile organisasjonen arbeider effektivt og målretta inn mot **jordbruksforhandlingar** og **Stortingsval**, vedtok styret i Norges Bondelag å etablere prosjektet "Landbruk på dagsordenen 09". Organisasjonsjef i Hordaland Bondelag, Lars Peter Taule, vart tilsett som prosjektleiar frå 1. oktober 2008, fram til prosjektslutt 1. november 2009.

Norges Bondelag si hovudmålsetjing er at prosjektet skal medverke til å sikre ein landbrukspolitikk som styrker verdiskapinga i heile landet, og ei inntektsutvikling som reduserar skilnadane mellom jordbruket og andre grupper.

## "Fra Fjell til Fjord"

Reiselivsprosjektet er eit samarbeid mellom Bergen Turlag og Hordaland Bondelag. Føremålet er å kople det beste av fjellturismen og gardsturismen til spanande turar med lokal verdiskaping – alt med utgangspunkt i natur, kultur og godt vertskap. Bondelaget er spesielt oppteken av å støtte gode gardsturismetilbod, og medverke til lønsemrd for tilbydarar og lokalsamfunn.

"Fra Fjell til Fjord" er ei treårig satsing som starta opp i 2007. Satsinga inngår i "Fra Dal til Fjell", som er eit samarbeid mellom DNT, Gardmillom og Norges Bondelag. Gudbrandsdalen og Rogaland er med i tillegg til Hordaland. Satsinga får tilskot frå Innovasjon Norge. Tore Henrik Øye er kontaktperson for Hordaland Bondelag.

Sommaren 2008 var den første tursesongen. Tre av fem planlagde turar vart gjennomført, og tilbakemeldingane var gode. Det kom fleire flotte medieoppslag, mellom anna: "Ein fjelltur langt over forventningane".

Planlegginga av turane i 2009 vart gjennomført hausten 2008. Med bakgrunn i erfaringar frå den første tursesongen, vart to av turane vidareført. Tre nye kom til. Programmet spenner frå spanande fjellnatur og matkultur til hestekløving, hardingfelespel og bygdedans.

13 lokale tilbydarar er involvert. Vi har også prioritert å støtte opp om gode reiselivstilbod lokalt, mellom anna "Landskapsparkprosjektet", for å medverke til meirverdiar.



Hestekløving. Foto: Bergen Turlag.

Gardar i drift og levande lokalsamfunn er viktige føresetnadar for ei reiselivssatsing på bygda. ”Fra Fjell til Fjord” skal synleggjere kontakten mellom by og land – mellom friluftsliv og landbruk. I så måte tek Bergen Turlag og Hordaland Bondelag steget saman, gjennom eit nytt og spanande samarbeid.

Erfaringane så langt er positive, og organisasjonane utfyller kvarandre godt. Reaksjonane frå både tilbydarar og deltarar tydar òg på at satsinga er liv laga. Prosjektet vert avslutta i 2009. Utfordringa fram til dess, vert å legge til rette for ei vidareutvikling i regi av lokale krefter, både når gjeld omfang, innhald og økonomisk lønsemd.

### Bygdekompasset

Bygdekompasset er eit prosessverktøy for å avklare korleis den enkelte bonde/grunneigar ønskjer å drive garden vidare. Prosjektet ”Bygdekompasset i Hordaland” vart gjennomført i 2007. Sluttrapporten var utarbeidd i 2008, og er tilgjengeleg hos bondelaget.

Sjølv om prosjektsatsinga er formelt avslutt, kan lokallag som ønskjer å gjennomføre Bygdekompasset, kontakte Hordaland Bondelag. Til dømes planlegg Vikøy og Øystese bondelag å nytte verktøyet i sitt rekrutteringsprosjekt ”Vår tur - vårt ansvar”.

### Prosjekt om småskalakraftverk

Norges Bondelag har starta prosjektet ”Småskalakraftverk som næringsveg på Vestlandet”. Terje Engvik, mangeårig disponent i skogeigarsamvirket, er tilsett som prosjektleiar. Han har kontorstad hos Sogn og Fjordane Bondelag i Førde, men har alle vestlandsfylka som arbeidsområde. Cecilie Aurbakken frå Norges Bondelag er leiar av styringsgruppa.



Synfaring. Foto: Merete Støfring

Prosjektet skal gi råd til grunneigarar som ønskjer kraftutbygging, og arbeide for at tilleggsnæringa kan føre til verdiskaping for garden og bygdesamfunnet. Bondelaget vil bruke organisasjonsapparatet og nettverket sitt til å informere om kva ressursar grunneigarane rår over. Viktige oppgåver vert å synleggjere reelle mogelegheiter og aktuelle problemstillingar, samt gje bistand i ein planleggings- og utbyggingsfase.

Arbeidet er kome godt i gong, og Terje Engvik har vore fleire turar i Hordaland. Han var mellom anna med på Leiarmøtet 2008, og har besøkt fleire grunneigarar som vurderer småkraft som næringsveg.

Terje Engvik oppmodar interesserte til å kontakte han for samtale. Nærare informasjon om prosjektet er å finne på [www.bondelaget.no](http://www.bondelaget.no). Klikk på menypunktet ”Næring, energi, klima”.

### Prosjekt om Nordhordlandsjordbruket

Saman med FMLA og NILF har Hordaland Bondelag sett på utviklinga i jordbruket i Nordhordland, samanlikna med resten av Hordaland. Resultatet vart som venta; *større nedgang i Nordhordland enn elles i fylket*. Dette skuldast nok i stor grad at området har mange små og tungdrivne einingar, kombinert med god tilgang på høgt løna arbeid utafor landbruket. Utfordringa vert å finne verkemidlar som kan vera med og snu den negative utviklinga for landbruket i regionen. Resultata frå undersøkinga er presentert i eigen rapport.

### Forstudie: Merke – og utviklingsprosjekt for hjort

Hordaland Bondelag hadde sekretärfunksjonen for forstudiet om merke- og utviklingsprosjekt i Hordaland og Sogn. Bondelaget samarbeidde med Bioforsk Økologisk og FMMA-Hordaland om satsinga. Ei arbeidsgruppe med representasjon frå kommunar og grunneigarar utarbeidde framlegg til hovudprosjektet. Hovudprosjektet er starta opp, med deltaking frå dei fleste kommunane i fylket, samt nokre i Sogn. Vinteren 2008/2009 vert den første merkesesongen. Hordaland Bondelag er ikkje med i hovudprosjektet.



Sjå, den blunkar! Foto: M. Berland.

### Geit i vekst

Det treårige prosjektet omfattar Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Føremålet er å fremje geitehald som næring. Ola Søgne sand er prosjektleiar. Olav Gullbrå representerer Hordaland Bondelag i styringsgruppa.

I 2008 har prosjektet arbeidd med følgjande saker: Bygningsløysingar, sjukdomssanering, landskapspleie, kjøtproduksjon og mjølkeproduksjon. Prosjektet har halde ei rekkje møte, mellom anna informasjonsmøte for å auke oppslutninga om geitehaldet. Fleire fagmøte er gjennomført. Heimesida til Geit i Vekst er å finne under linken [www.tinevest.no](http://www.tinevest.no).

## Landskap i drift

Prosjektet er leia av FMLA, med Bastian Hoffmann som prosjektleiar. Hordaland Bondelag sin representant, Jostein Hellestveit, er leiar for prosjektstyret.

Hovudmålet er ope landskap gjennom aktiv drift. Siktemål er å;

- sikre og utvikle kulturlandskapet
- medverke til større kjøtproduksjon gjennom fleire beitedyr

Styret hadde 4 møte i 2008, og prosjektet har høg aktivitet. Styret har løyvd kr 433.000,- til 4 prosjektområde, høvesvis i Fjell, Masfjorden, Austrheim og Fusa kommunar. I alt 2 390 daa skal gjerdast inn! Prosjektområde i Odda/Røldal og Rosendal kjem truleg til i 2009. Prosjektet har utarbeidd brosjyren ”Landskap i drift”. Nettsida [www.landskapidrift.no](http://www.landskapidrift.no) har meir informasjon om satsinga.



På stølen.

## ”Vi satsar på storfe- og mjølkeproduksjon i Hordaland”

Det treårige prosjektet vart avslutta i desember 2008. Føremålet var å sikre framtidssretta mjølke- og storfekjøtproduksjon i Hordaland. Leif Åge Vangdal var prosjektleiar. Nils Neteland representerte Hordaland Bondelag i styringsgruppa.

I 2008 arbeidde prosjektet mykje med økologisk produksjon i form av markdag, pressekontakt, fagturar, økokurs og informasjonsmøte. Bruksutbygging var òg eit viktig tema, med ferdigstilling av spørjeundersøking hos brukarar og pressetreff i Eidfjord som gjeremål. Sluttrapport ligg føre.

## Ungdomssatsing

Med prosjektet ”Vår tur – vårt ansvar”, er Vikøy og Øystese Bondelag med i FMLA si ungdomssatsing. Tanken bak prosjektet er å få fleire unge til å satsa på landbruket, gjennom mentorprosjekt, bygdekompasset og samlingar.

## **Landskapsparkar i Hordaland**

FMLA står bak satsinga, med Dirk Kohlman Tvedt som prosjektleiar. Føremålet er å medverke til bygdebaseret reiselivsutvikling i 7 utvalde parkområde i fylket. Leiaren i Hordaland Bondelag sit i styringsgruppa for prosjektet, som hadde ein spanande tur til Åkrafjorden og Skånevik i haust.

Det skjer mykje positivt i parkområda med hjelp frå FMLA og nokre offentlege tilskotsmidlar. Fleire parkar har etablert gode reiselivstilbod, og stadig nye kjem til. Tilrettelegging for vandring, med skilting av turløyper, har vore eit satsingsområde i 2008. Parkane har fått eigen logo, og engasjementet i parkområda er høgt.

På nettsida [www.landskapspark.no](http://www.landskapspark.no) kan ein lese om prosjektet og utviklinga i parkane. Prosjektet har søkt om statleg støtte til å halda fram, og ønskjer å knyte til seg nye område i Hordaland.

## **DELTAKING OG REPRESENTASJON**

### **Kulturlandskapsgruppa**

Leiar og organisasjonssjef er Hordaland Bondelag sine representantar i FMLA si kulturlandskapsgruppe. Gruppa sine viktigaste oppgåver har vore utdeling av kulturlandskapsprisen og revisjon av Regionalt Miljøprogram – Hordaland (RMP).

#### **RMP**

RMP – Hordaland er revidert for ny fireårsperiode, 2009 – 2012. Kulturlandskapsgruppa laga eit framlegg til høyring med bakgrunn i nasjonale retningsliner og drøftingar i gruppa.

Det var usemje om høyringsframlegg i gruppa. Framlegget inneholdt mange endringar i høve til førre periode. Bondelaget var skeptisk til fleire av dei føreslegne vridingane, og meinte at konsekvensane for enkeltbruk og bygdene burde vurdert før omlegginga. Bondelaget presiserte òg at RMP-midlane skal være inntekt for bonden, og at det difor bør ligge langsiktig tenking til grunn for tildelinga – ut over ein programperiode.

Med bakgrunn i føreskrifta om RMP meinte bondelaget at sluttføringa skulle skje på møte mellom faglaga i landbruket og FMLA, og ikkje i regi av Kulturlandskapsgruppa. Dette vart ikkje teke til følgje.

Etter høyringsrunden vedtok Kulturlandskapsgruppa programmet med nokre endringar. I tråd med prosedyrane vart programmet sendt til dei sentrale avtalepartane for endeleg godkjenning (LMD og Norges Bondelag).

## Jordalsvatnet; jordbruk versus drikkevatn

Geir Totland, Hordaland Bondelag, og Arild Nydegger Øvre-Eide, leiar i Bergen Bondelag og grunneigar i Eidsvåg, sit i gruppa som arbeider med nye klausuleringsreglar for Jordalsvatnet.

Ei viktig vurdering er høvet for å drive jordbruk i nedslagfeltet til vatnet. Politikarane i Bergen meiner det må være mogeleg å finne løysingar som kombinerer omsynet til både jordbruk og drikkevatn. Vann og Avløpsetaten meiner NEI.

Gruppa har arbeidd sidan hausten 2008, og skal vere ferdig våren 2009. Bondelaget vann fram med kravet om å trekke inn jordbruksfagleg kompetanse i utgreiingsarbeidet. I dette høvet er Forsoksringen Hordaland leigd inn for å sjå på løysingar. Innstillinga frå arbeidsgruppa skal handsamast politisk.

## Bønder i Byd'n

Det årlege arrangementet profilerer landbruket i Hordaland på ein positiv måte. I år var Hordaland Bondelag aktivt medverkande til seminaret om ”kortereist hjortekjøt til restaurantbordet”. I tillegg hadde vi ein ”passiv” stand som presenterte ”Fra Fjell til Fjord”, og det spanande turtilbodet knytt til satsinga (sjå eige punkt).

## ”Jakten på smaken av Norge”

Hordalandsfinalen i tevlinga ”Jakten på smaken av Norge” gjekk av stabelen i samband med Bønder i Byd'n. Marta Bjørgum Meland sat i juryen i lag med representantar frå NHO reiseliv, kokkemesterlauget, fiskarlaget og pressa.

Vinnarane vart:



Marta vurderar

Råvare sjø: Flat Østers frå Bømlo v/ Bømlo Skjell

Råvare land: Lynchonning frå Øygarden, v/ Søylands Biegard

Produkt: Grov kjøtpølse (Sunde pølsa), v/Rosendal Gardsmat.

Produkta gjekk vidare til landsfinale i Stavanger, men nådde ikkje heilt opp.

## Fagforum Inn på Tunet

8. november stilte 50 medlemmer og gjester på Fagforum Inn på Tunet Hordaland sitt årlege hausttreff. Deltakarane besøkte tre gardsbruk i Nordhordland, der gardbrukarane er medlemmar av fagforumet. Maria M. Skjold stilte for Hordaland Bondelag på samlinga.

## Etnemarknaden

Etnemarknaden vart halde frå 7. til 10. august. Etne Bondelag gjorde som vanleg ein stor jobb med stand, landbruksquiz og ope fjøs. Marta Bjørgum Meland deltok på standen to av dagane. Om lag 50 000 personar var innom portane i løpet av marknaden.

Det har kome reaksjonar på at landbruket mest er fråverande slik marknaden er no.



Ope fjøs på marknaden.

## Møte om samdrift - Ølve

2. oktober arrangerte Ølve Bondelag informasjonsmøte om mogelege samarbeidsløysingar for landbruket i Ølve- før det er for seint. Forsøksringen Hordaland og Tine hadde gode innlegg om økonomien for samdrifter. Geir Totland frå bondelaget orienterte om gjeldande regelverk og organisasjonen si halding til samdriftsspørsmål.

## Forvaltningsplan for gjess i Hordaland

Bestandane av grågås og kanadagås er i kraftig vekst i Hordaland, noko som har ført til auka beitepress, nedtrakking og tilskiting av innmark. Dette har gjeve tydeleg reduksjon i avlingsnivå fleire stader.

Med bakgrunn i dette takka Hordaland Bondelag ja til å sitje i referansegruppa for utarbeidning av *"Forvaltningsplan for gjess i Hordaland 2007/2008"*. Arbeidet vart leia av FMMA-Hordaland. Forvaltningsplanen vart ferdigstilt 26. juni 2008. Planen trekte opp fleire tiltak for å redusere bestanden og skadeproblematikken.

## Hjorteforvaltning

Engasjementet og involveringa har blitt mindre etter at utmarksprosjekta vart avslutta. Bondelaget ønskjer likevel å medverke til lokal hjorteforvalting innafor tilgjengelige ressursar, og har det siste året vore involvert i organisasjons- og planprosessar på Askøy, i Sund, på Stord og i Fus. Bondelaget har også vore i kontakt med gardbrukarar vedrørande skadeproblematikk.

## "Kostar hjorten meir enn den smakar"

Prosjektet vert drive av Bioforsk Vest Fureneset, og skal synleggjere tap som følgje av skade på innmark (eng og skog). Prosjektet skal også vurdere aktuelle verkemidlar, både i offentleg og privat regi, som kan redusere problemet. Privatrettslege fordelingsordningar inngår som eit aktuelt tiltak. Fleire forsøksfelt er oppretta. Hordaland Bondelag støtta satsinga med kr 5000,- i 2008. Det er også gjeve tilsvarende tilskot tidlegare år.

## Nye Hordaland Landbrukselskap

Lars Peter Taule representerte Hordaland Bondelag i arbeidet for å vurdere skiping av ”Nye Hordaland Landbrukselskap”. Landbruksdirektør Ole Bakkebø tok initiativ til prosessen. Eli Bjørkli vart leigd inn for å utgreie behovet, samt peike på rollen og funksjonen til selskapet. Gruppa fann ikkje grunnlag for å skipe organisasjonen, men streka under tronen for gode samarbeidspunkt, først og fremst gjennom etablert kanalar.

## Matpolitisk konferanse

Konferansen vart halde på Voss den 21. november i samband med Voss kulturelle matfestival. Vossameny og Voss kulturakademi stod som arrangørar. Temaet var lokal mat og økologisk produksjon. Nils T. Bjørke heldt innlegg, og trekte mellom anna fram gode salskanalar, bransjesamarbeid og spanande matspesialitetar som vilkår for å lukkast med lokal foredling. Lars Istad representerte Hordaland Bondelag på møtet.

## Kommuneplankonferansen 2008

Konferansen vart arrangert av Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland. Landskapet i den kommunale planlegginga var hovudtema. Konferansen vart halde i Bergen, og samla over 170 deltakarar.

Reidar Konglevoll, lokallagsleiar i Alversund og Seim Bondelag, heldt eit svært godt innlegg om å være landskapsforvaltar på grasrotnivå. Han peika på at landbruket er ei næring som treng langsiktige vilkår. Oppmodinga til sakshandsamarar og politikarar var å tenkje jordvern og heilskapleg forvaltning i arealsaker.



Reidar Konglevoll.

Tore Henrik Øye var fylkeslaget sin representant på konferansen.

## 4H

4H Hordaland heldt årsmøte i Rosendal 9. mars 2008. Inger-Marie Vika motte for Hordaland Bondelag. Nils T. Bjørke leia møtet. Årsmeldinga synte stor aktivitet, med mellom anna distriktsleirar, fylkesleir og nordisk leir i Finland. 4H - garden på Garnes står sentralt i organisasjonsarbeidet.

4H Hordaland driv prosjektet ”4H i bynære strøk”, der Maria M. Skjold representerer Hordaland Bondelag i styringsgruppa. Det har vorte fleire nye klubbar i Bergen kommune som eit resultat av prosjektet, mellom anna ein ”Barnerettsklubb”.

## 1. mai

Hordaland Nei til EU held tilskiping i Bergen kvart år, og gjev andre organisasjonar høve til å koma med appellar. Inger-Marie Vika heldt appell for Hordaland Bondelag, og la vekt på vilkåra for næringa vår når det gjeld rekruttering, rett til eigen matproduksjon og jordvern.

## Kommunesamling i Øystese

Tore Henrik Øye heldt innlegg på FMMA si kommunesamling i Øystese 25. april. Temaet var grunneigarinteressene i vilt- og fiskeforvaltinga, med tittelen "Faglaga sitt arbeid og engasjement kring lokal forvaltning".

## Hordaland Bygdeungdomslag

I tillegg til eigen aktivitet har bygdeungdomslaget deltek på møte og tevlingar i regi av landsorganisasjonen. Leiaren har møtt i styret til Hordaland Bondelag, og var med på studieturen til Latvia. Vidare har bygdeungdomslaget vore involvert i planlegginga av rekrutteringskonferansen i Øystese, som vert helde i januar 2009.

## Årsmøtet i Hordaland Sau og Geit

Årsmøtet vart halde i Bergen 23. februar 2008. Inger-Marie Vika møtte for Hordaland Bondelag. I tillegg til årsmøtesakene heldt generalsekretær i NSG, Lars Erik Wallin, innlegg om "Organisasjon og økonomi". Bastian Hoffmann frå FMLA Hordaland informerte om "Landskap i drift", og var oppteken av betre tilrettelegging for beitebruk. HSG har 1502 medlemar, og Inga W. Rørlien vart vald til ny leiar.



God beiteryddar.

## Årsmøte i egg og fjørfekjöttringen

Clara Hveem møtte for Hordaland Bondelag. Årsmøtet diskuterte utfordringane for eggproduksjonen med utgangspunkt i nye krav til bur fra 2012. Kyllingproduksjonen slit nå med overproduksjon, høge kraftfôrprisar og høge byggekostnadjar. Årsmøtet meinte likevel det må opnast for nyetableringar, også i Hordaland.



Får nye krav til bur.

## SAMARBEIDSORGANISASJONAR

### Bygdefolkets Studieforbund (BSF)

BSF- Hordaland vart lagt ned som eiga avdeling i juni 2008. I dette høve har Hordaland Bondelag inngått ei førebels avtale med BSF sentralt om å være regionkontakt.

Fram til juni hadde BSF-Hordaland ordinær drift, med Sissel Gerritsen som studieinstruktør i 50 % stilling. Ei stor og viktig satsing var kurs i praktisk HMS-arbeid. Det vart gjennomført heile 34 kurs i fylket, med om lag 340 deltakarar.

### Bygdekvinnelaget

Det har vore stor utskifting i styret i HBK dette året. Liv Spilde tok over som leiar etter Jorunn S. Holsen, som hadde sete i 5 år. Styremøta vert helde på Landbrukstunet på Stend. Leiaren har møtt fast i styret til HB.

Ganefartkonkurransen vår, som kårar den beste serveringsstaden langs vegen, gav oss mykje blest. Det var 11 påmeldte frå Hordaland. Vinnaren i vår region vart Gloppe hotell i Sandane. Ingers Kro og restaurant frå Hovet i Hallingdal vann landsfinalen.

Bygdekvinnelaget har fortsett med Trivselsbygda som kampanje i lag med 4H og BU. Regionmøta for laget vart arrangert i Odda og Etne. Årsmøtet 2008 var i Ulvik. Boka om gamle ord og uttrykk i Hordaland er framleis under arbeid. Slagordet til bygdekvinnelaget er "Aktive kvinner for levande bygder", noko vi prøver å leve opp til i vårt arbeid.

### Økonomiske og juridiske tenester

Norges Bondelag samarbeider med 410 rekneskapskontor og 45 advokatkontor, og dette gir medlemmane tilgang til kvalitetssikra tenester innan rekneskapsføring og økonomisk- og juridisk rådgjeving. Kontora får mellom anna fagleg oppdatering gjennom årlege kurs.

Medlemmar kan også kontakte Rekneskap og Juridisk avdeling i Norges Bondelag for å diskutere faglege problemstillingar. Første telefonsamtale vert dekka av medlemskontingensten. Eventuelle utreilingar vert fakturert til gunstige prisar.

### Advokatkontora:

I Hordaland er det tre advokatkontor som har samarbeidsavtale med Norges Bondelag. Dei har spesiell kompetanse på landbruks-, eigedoms- og skatterett i tillegg til vanlege juridiske spørsmål. Avtala omfattar ikkje rabatt på honorar.

Advokatane Hove og Winjum	55 21 01 70	Bergen
Advokatane Øyvind Kvåle og Gunnar Skeie	56 55 12 77	Norheimsund
Advokatfirma Harris	55 30 27 00	Bergen og Norheimsund

## Rekneskapskontora:

I Hordaland er det 16 rekneskapskontor som har samarbeidsavtale med Norges Bondelag:

Økonor Nordhordland	ISDALSTØ	56355580
Bøndernes Rekneskapslag	UGGDAL	53432036
Fana Sparebank Regnskap AS	BERGEN	55919800
Økonor Fusa	FUSA	56580080
Halsnøy Rekneskapskontor AS	SÆBØVIK	53474100
Hardanger Rekneskap	ØYSTESE	56553440
Hardanger Økonomiservice AS	EIDFJORD	53664400
J. Bleie aut. regnskapsfører	NÅ	53643017
Kontor- & Økonomiservice	LONEVÅG	56390490
KS-Rekneskap AS	ROSENDAL	53482430
ReNett AS	PARADIS	55924173
Ullensvang Rekneskap ANS	LOFTHUS	53661128
Ullensvang Rekneskapslag	UTNE	59666953
Ulvik Rekneskapslag	ULVIK	56526480
Vekstra Voss	VOSS	56520770
Vossestrand Rekneskapskontor BA	VOSSESTRAND	56522611



*Liv Bente Sakseng Rokne, Margaret Hus, Kjellaug Kjeka  
og Anne Lise Bleie frå Hardanger Økonomiservice.*

## Samarbeid med Gjensidige Forsikring

Gjensidige er ein sentral samarbeidspart for bondelaget. Vi møtest i ulike samanhengar, og har hatt møte om felles arbeidsplan. Bondelaget har nær kontakt med assurandørane på landbruk.

Bondelaget og Gjensidige samarbeidde om Landbrukets HMS- pris i form av kandidatbesøk og prisutdeling.

Lokallaga har tilbod om å kontakte Gjensidige kring faglege spørsmål, og selskapet kan delta på lokale møte eller arrangement. Fleire lag nyttar seg av tilbodet i 2008.

### BYGGEPLANAR ? ØKONOMISK PLANLEGGING ?



Bygningsplanleggjar Steinar Johansen har brei røynsle og tilbyr teikningar til landbruksbygg. Økonomirådgjevar Bart van Gool har lang røynsle og tilbyr økonomiske vurderingar og hjelpe til driftsplanlegging og søknadar. Samordning av desse tenestene er aktuelt om du ønskjer å vurdere ulike driftsstrategiar tidleg i prosessen. Vi tar oppdragar etter kvart og har ikkje ventetid.

Forsøksringen Hordaland formidlar fagkunnskap til beste for eit landbruk i utvikling. Tenestene våre er uavhengige av spesielle produkt og produksjonar. Vi ønskjer å halde eit høgt fagleg nivå bygd på lokalkunnskap.



#### Forsøksringen Hordaland

Fanaveien 245, 5244 FANA Internett: [hordaland@lfr.no](mailto:hordaland@lfr.no)

Steinar Johansen (Bygg) Tlf 98 24 58 43 E-post: [steinar.johansen@lfr.no](mailto:steinar.johansen@lfr.no)

Bart van Gool (Økonomi) Tlf 98 24 58 37 E-post: [bart.van.gool@lfr.no](mailto:bart.van.gool@lfr.no)

Vi gjer det lettare å vere bonde

***Hordaland Bondelag***  
***Resultatrekneskap 2008***

	Rekneskap 2008	Budsjett 2008	Budsjett 2009
<b>Inntekter</b>			
Kurs- og arrangement	261 403	250 000	250 000
Annonseinntekter	27 750	25 000	25 000
Andre inntekter.	44 585	130 000	30 000
Rammebevilgning frå NB	597 700	590 000	623 000
Tilskot og refusjonar	279 143	230 000	230 000
<b>Sum inntekter</b>	<b>1 210 581</b>	<b>1 225 000</b>	<b>1 158 000</b>
<b>Kostnader</b>			
Lønn/godtgjerdslle	208 952	230 000	240 000
Utstyr / inventar	10 175	25 000	15 000
Revisjon	20 000	18 000	20 000
Innleigde tenester	6 910	15 000	7 000
Ekstra fylkesleiar			
Kontorkostnader	97 194	90 000	90 000
Reisekostnader	179 274	100 000	150 000
Møte og aktivitetar	473 608	300 000	320 000
Annonsor	1 125	10 000	2 000
Aktivt lokallag	35 000	35 000	35 000
Gåver/helsingar	19 978	8 000	9 000
Bidrag / støtte	5 500	75 000	10 000
Innsparingsplan NB	30 000	60 000	60 000
Aktivitetar		250 000	200 000
Særlege tiltak EU, WTO...		25 000	
<b>Sum Kostnader</b>	<b>1 087 717</b>	<b>1 241 000</b>	<b>1 158 000</b>
<b>Finans</b>			
Gebyr	2 405		
Renteinntekter	26 141		20 000
Avsett-tap på fordring	10 000	17 000	
<b>Resultat utan prosj.</b>	<b>136 600</b>	<b>1 000</b>	<b>-</b>
Utmarksbasert reiseliv	-67 094		
Bygdekompasset	3 784		
<b>Resultat</b>	<b>73 290</b>		

**Årsmelding 2008**

*Balanse pr. 31.12.2008*

<b>Eigendelar</b>	<b>2008</b>	<b>2007</b>
Kortsiktige fordringar	148 650	424 335
Avsett til tap på fordring	-10 000	
Mottatt innbetaling, avsett	-62 282	-127 682
Aksje	5 000	5 000
Kasse og bank	839 191	585 155
<b>Sum eigendelar</b>	<b>920 560</b>	<b>886 808</b>

**Eigenkapital og gjeld**

**Eigenkapital:**

Egenkapital 1/1	668 936	708 227
Årsresultat	73 290	-39 291
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>742 226</b>	<b>668 936</b>

**Gjeld:**

Leverandørgjeld	92 521	80 290
Trekk og avgifter	58 686	87 557
Skuldig løn	15 349	19 113
Skuldig feriepengar	11 777	30 912
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>178 333</b>	<b>217 872</b>

<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>920 560</b>	<b>886 808</b>
----------------------------------	----------------	----------------

**Orientering om rekneskapen til Hordaland Bondelag**

**Rekneskapsprinsipp:**

Rekneskapen er gjort opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

**Løn og godtgjersle:**

Styremedlemmer får ei daggodtgjersle på kr. 600 for møter mellom 1 - 4 timer og kr. 1.300,- for møter over 4 timer. Nestleieren får ei fast godtgjerdslsle på kr. 10.000,-. Leiaren får ei fast godtgjersle på kr. 90.000,- frå Norges Bondelag.

**Tilsette:**

Hordaland Bondelag har ein tilsett fram til mai 2008. Dette er prosjektleiar i «Utmarksbasert reiseliv», Tore Henrik Øye. I tillegg arbeider tre tilsette på kontoret med Bondelagets Servisekontor som arbeidsgjever. Det er teikna OTP for Tore Henrik Øye.

## Årsmelding 2008

Blant de mange medlemsfordelene finner du

**E-handel**  
Bestill fôr, såkorn, ensilering og gjødsel i bulk eller sekkk på nett. Historikk og oversikt over egne leveranser får du på kjøpet!

**Det handler om å se lyset.**

Som medlem i Felleskjøpet har du nemlig tilgang på mye som vil gi deg bedre lønnsomhet – både som bonde og privatperson. Samtidig får du anledning til å delta i styringen av organisasjonen. Slik er du med og bestemmer over din egen framtid – i et lojalt samspill med mange andre gårdbrukere.

Blant medlemsfordelene finner du garantert noe som vil gjøre dagen lettere.

God jakt!

Felleskjøpet

Levende oottatt av det



**- langsiktigkeit, sikkerheit og best økonomi**

Om du er storlepproducent med 2 års produksjonscyklus eller kyllingproducent med 50 dagars oppføringstid, så ligg det et langsiktig perspektiv bak investeringene i kjøtproduksjonen.


Da er det trygt å ha ein samarbeidspartner som har same langsiktigeva som grunnlaget for verksamda si. Ein samarbeidspartner som også garanterer avsetnad for det du produserer, uansett kvar du bur eller kor stor produksjon du har. Men kanskje viktigast alt: Ein samarbeidspartner med eit overordna mål om å gje bonden best økonomi - både på kort og lang sikt.

**Nortura**



# Dine behov i sentrum

Som bonde må du beherske ulike roller; alt fra røkter og fordyrker til å være eier og daglig leder av en virksomhet. Både daglig drift og større, langsiktige avgjørelser skal håndteres. Mange oppgaver skal utføres, mange behov skal dekkes. Alt konkurrerer om tiden din. Å kjenne behovene hos seg selv og bruket, er avgjørende for å prioritere riktig. Hva er det jeg virkelig vil? Hva skal til her på bruket? Ved å sette dine og brukets behov i sentrum for rådgivingen, blir det lettere å komme dit du vil!



Ta kontakt med TINE Rådgiveren for mer informasjon

[redacted]



Landkreditt Bank AS startet opp 2. september 2002 og er en landsdekkende selvbetjeningsbank. Det er nettsiden og nettbanken som er vår "filial", og det er derfor viktig at disse er så brukervennlige at det er enkelt å være selvbetjent.

Landkreditt Bank tilbyr gode og enkle standardprodukter innen betalingsformidling, sparing og finansiering. Siden oppstarten har banken vunnet mange kåringer for de gode betingelsene kundene våre får. Bl.a. har det blitt mange medaljer i Dine Pengers BankNM. Driftskreditten til landbruket har også flere år på rad blitt kåret til landets beste.

Les mer på [www.landkredittbank.no](http://www.landkredittbank.no)



ADVOKATENE  
**HOVE & WINJUM**

Telefon 55 21 01 70      Telefaks 55 21 01 99

Jordskiftesaker - Odelsrett - Konsesjon - Boplikt - Arverett - Famillierett

Postboks 344 Sentrum, 5804 Bergen  
Besøksadresse: Strandgaten 1

Felles e-post: [advok-ho@online.no](mailto:advok-ho@online.no)  
Internett: [www.advokat-hove.no](http://www.advokat-hove.no)

Adv. Harald Hove

Adv. Ivar Winjum

Adv.flm. Marit H. Håkonsen

**ADVOKATANE  
KVÅLE OG SKEIE ANS**

M.N.A.

Sandvenvegen 39 B, 5600 Norheimsund

Tlf. 56 55 12 77 - Faks 56 55 19 63

E-mail: [post@kvale-skeie.no](mailto:post@kvale-skeie.no) - [www.kvale-skeie.no](http://www.kvale-skeie.no)

**ADVOKATFIRMAET IIARRIS**

*Juridisk bistand gjennom generasjoner*

**TR. 55 30 27 00**

Fax 55 30 27 01

Dreggsalmenning 10 12, P.b. 1115 Draggen, 5835 BERGEN

Bergen

Norheim sund

Scardal

Forde

ADVOCATIA  
INTERNATIONAL LAW ALLIANCE

[www.harris.no](http://www.harris.no)



## Bondesongen

Tone: *Rett som ørnen stiger.*

*All kultur er dyrken - først og fremst av jord.  
Det er moderstyrken, først bak plogen gror.  
Samfunnslivet frem, bygd og by og hjem.  
Første bonden var hele landets far.*

*Bonde du deg bøye, kun med spad og spett.  
Kronet blir din møye, adlet blir din ætt.  
Bygget blir ditt land, norske bondemann.  
Bygget blir ditt land, norske bondemann.*

*Jord du er vår moder, overalt ennu.  
Skifter livets goder. Trofast bliver du.  
Ligger hvor du lå, bygder hvor vi gå.  
Årvisst enn i dag, åndens underlag.*

*Jorden skal duære, hellig er din jord.  
Bonde skal du være, hedersnavn i nord.  
Signe Gud enhver som sin jord har kjær.  
Mens sitt liv han sår, på din grunn og gård.*

*Sammen skal vi drøfte bondens kår og kall,  
og vårt merke løfte foran tusentall.  
Fylke uten bram bondebæren fram  
så all verden ser hvor vår bonde er.*

*Sterk som havets bølge, Norges bondestand.  
Sine fedre følge, tro mot Gud og land.  
Bølg til tegn derpå blad og aks og strå,  
bølg fra stol til strand om vårt fedreland.*